



Stusdal VVS AS
Apalen17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/322 - 17/23139

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.11.2017

Godkjenning - Tilkopling til kommunalt vassverk på gbnr 19/32

Administrativt vedtak. Saknr: 310/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad journalført motteke 06.05.2016, supplert sist ved nytt situasjonskart og fullmakt journalført motteke 03.11.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for einebustad på eigedomen gbnr 19/32, Sagstadvegen.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat vassleidning som går frå bustaden på 19/32, over naboeigedomen 19/69 fram til kommunal kum, sjå vedlagt situasjonskart som viser leidningstraseèn. Leidningstraseèn er gjennom supplerande dokumentasjon og fullmakt frå eigar av gbnr 19/69 endra frå den traseèn det opphavleg blei søkt om. For siste del av traseèn og tilkoplingspunkt til det kommunale leidningsnettet er det sistnemnde sist innkomne situasjonskart som gjeld.

Vurdering:

Eigedomen har godkjent utslepp (lukket septikk på 3 kubikk plassert på eigen grunn), og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen blir tilknytt det kommunale vassverket. Innsendt søknad om nytt utslepp til minireinseanlegg utgår som følgje av at det ikkje blir etablert ny bueining, sjå vedtak om endring av rammeløyve datert 28.06.2017.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring frå Stusdal VVS AS, jf pbl § 23-3.

Vedtak:

«Meland kommune godkjenner at bustaden på eigedomen gbnr 19/32 blir tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 06.05.2017, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000, pluss mva per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Erklæring ansvarsrett - rørlegger
teikningar

Kopi til:

Core Arkitektur	Eidsvågveien 32	5101	EIDSVÅGNESET
Tor Arne Dale	Sagstadvegen 131	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Stusdal VVS AS	Apalen17	5915	HJELMÅS
----------------	----------	------	---------